



Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/6-2

## **Vågsøy kommune - Klage på avslag på søknad om utsett ferdigmelding av trafikktryggingstiltak**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet som klagenemnd avviser klagen.

### **Vedlegg:**

Samla sakstilfang: TIK-tilskot Vågsøy kommune

### **Andre relevante dokument i saka:**

Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane:

<http://www.sjf.no/getfile.php/2958437.2344.rqatxvbsdx/vegvesen.pdf>

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Vågsøy kommune har innan fristen ikkje ferdigmeldt trafikktryggingsprosjektet kommunen har fått tilskot til, og klagar på at dei ikkje får utsett frist for ferdigmelding.

#### Kort om tilskotsordninga

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) fordeler kvart år trafikktryggingsmidlar til kommunane (TIK-midlar). Tilskotsordninga er knytt opp mot fylkeskommunen sitt ansvar etter veglova for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Statens vegvesen Region vest (Vegvesenet) er sekretariat for utvalet.

I 2018 var det løyvd 5 mill. kr til trafikktryggingstiltak i kommunane. I alt 19 kommunar sökte om midlar og samla søknadssum var om lag 13,4 mill. kr fordelt på 36 tiltak. Fordelinga av midlar vert gjort ut frå Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021, Regional transportplan 2018-2027, Gå- og sykkelstrategien i Regional transportplan 2018-2021, Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 og Trafikktryggingshandboka.

#### Historikk - tidlegare vedtak

FTU vedtok i møte 13.02.18 at Vågsøy kommune skulle få 753 000 kroner til trafikktryggingstiltak i 2018. FTU løyvde tilsvarande beløp til tiltaket i 2017, men midlane vart ikkje utbetalte på grunn av utsett gjennomføring. Kommunen sitt tiltak går ut på å bygge gangveg mellom Gate 1 og Vågsøy ungdomsskule (kommunal veg).

Eit vilkår for utbetaling av midlane var ferdigmelding av tiltaket seinast 30.11.2018. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen.

Kommunen sökte den 05.10.2018 om å få utsett frist for ferdigmelding. Kommunen grunngjev utsettinga med at prosjekteringen av tiltaket kom seint i gang, og at det syner seg at tiltaket krev reguleringsplan. Vedlagt søknaden om utsetting var eit planinitiativ datert 26.09.2018. Kommunen si målsetjing er å få reguleringsplanen vedteken i februar 2019.

Vegvesenet avslo søknaden i brev 09.11.2018, og syntet mellom anna til at ein føresetnad for utsett frist for ferdigstilling er at tiltaket er starta opp innan fristen.

Kommunen klagar på avslaget den 18.11.2018, og viste mellom anna til kor viktig tiltaket er av omsyn til trafikktryggleiken for ungdomsskuleelevar i Måløy og at TIK-midlane utgjer ein vesentleg del av finansieringa av prosjektet.

Vegvesenet opprettheld sitt avslag i saka og sende saka vidare til fylkesutvalet (klagenemnda).

#### Annan relevant informasjon

Kommunen har ikkje har søkt om midlar for 2019 innan fristen 1. desember 2018. Ifølgje instruksen skal Vegvesenet utarbeide forslag til prioritering av prosjekt og tiltak og leggje sak fram for handsaming i FTU innan 1. februar i tildelingsåret. Vedtak i FTU om fordeling av tilskot skal gjerast innan 1. mars.

#### Sentrale problemstillingar

##### *Klagerett etter forvaltningslova*

Etter forvaltningslova (fvl.) § 3, jf. § 28, er det berre klagerett på «enkeltvedtak». Eit «enkeltvedtak» er definert som eit vedtak som gjeld «rettar eller plikter» til ein eller fleire bestemte personar, jf. fvl. § 2 første ledd bokstav b. Eit «vedtak» er ei avgjerd truffen under utøving av offentleg mynde, og som generelt eller konkret er «bestemmende for rettsstillingen til private personer», jf. fvl. § 2 første ledd bokstav a.

I forarbeida til lova, Ot.prp.nr. 3 (1976-1977), pkt. 5, peiker Justisdepartementet på at lova sine føresegner om enkeltvedtak ikkje skal gjelde for avgjerder i samband med iverksettinga av vedtak.

Dersom vilkåra for å handsame ei klage ikkje er oppfylte, skal klageinstansen som hovudregel avvise saka, jf. forvaltningslova § 34 om klageinstansen sin kompetanse.

Vedtaket om avvisning er eit enkeltvedtak, som kan påklagast til fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

##### *Vilkår for utsett ferdigmelding*

Av FTU sitt vedtak 13.02.2018 om tildeling av TIK-midlar for 2018 går det fram av pkt. 2 og 3 at tiltak som har fått løyving skal ferdigmeldast seinast 30. november 2018, og at midlar som ikkje er nytta innan fristen skal gå attende til fylkeskommunen. Punkta er utforma med utgangspunkt i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane – TIK-midlar», pkt 6.

Etter denne instruksen er hovudregelen at tilskot skal trekkast attende dersom eit prosjekt eller eit tiltak ikkje vert ferdigmeldt det året tilsegn om tilskot er gjeve, jf. både pkt. 8 og pkt. 6 bokstav e. Ved spesielle høve kan det søkast om utsett frist for ferdigmelding, jf. pkt. 6 bokstav f. Om prosjektet verken vert ferdigmeldt eller har fått utsett frist for ferdigmelding, vert tilskotet trekt attende. Til slutt i bokstav e vert det vist til at det kan søkast på nytt for same prosjekt året etter.

Etter pkt. f kan det søkjast om utsett frist for ferdigmelding dersom tiltaket er starta opp, men på grunn av spesielle årsaker ikkje kan ferdigstillast i tildelingsåret. Eit prosjekt som får utsett frist for ferdigmelding, må seinast vere ferdigmeldt i midten av juni året etter.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Resultatet av klagehandsaminga vil ikkje få negative økonomi- og budsjettkonsekvensar for året 2019. Dei attendetrekte midlane vert ikkje disponerte eller omdisponerte før klagesaka er avgjort.

#### Vurdering av om det føreligg klagerett

Reglane om klagerett kjem fram av forvaltningslova. Etter forvaltningslova er det berre klagerett på enkeltvedtak. Som det går fram over er definisjonen av eit enkeltvedtak mellom anna at det

generelt eller konkret er «bestemmende for rettsstillingen til private personer», jf. fvl. § 2 første ledd bokstav a. I forarbeida til lova er det presisert at avgjerder som ledd i gjennomføringa av eit vedtak, eller prosessleiande avgjerder, ikkje fell inn under definisjonen av enkeltvedtak, og då særskilt fordi dei ikkje er bestemmande for rettsstillinga til parten.

I saka er det vedtaket om at kommunen skal få tilskot, under vilkår om at prosjektet vert starta opp og gjennomført i tilskotsåret, som er bestemmande for rettsstillinga til kommunen. Det er i dette vedtaket det er bestemt at prosjektet skal ferdigmeldast seinast 30. november i tilskotsåret, og at midlane i motsett fall vert trekte attende. Ei ev. attendetrekking av midlane fordi vilkåra for tildelinga ikkje er oppfylt, er eit ledd i gjennomføringa av vedtaket. Eit avslag på søknaden om utsett frist for ferdigmelding er ikkje eit enkeltvedtak og kan såleis ikkje påklagast.

I tråd med gjeldande rett vert det difor rettast å avvise klaga frå kommunen utan å ta stilling til realitetane i saka.

#### Vurdering av realitetane i saka – vilkåra for utsett frist for ferdigmelding

Sjølv om forvaltningslova sine vilkår for å handsame klagen ikkje er oppfylte, vil fylkesrådmannen kort vurdere om kommunen sin søknad oppfyller vilkåra for utsett ferdigmelding i instruksen retta mot Vegvesenet som sekretariat for ordninga.

Tiltaket er tidlegare vurdert til å tilfredsstille vilkåra for å få tilskot. Det er ikkje dette som er vurderingstema i saka. Spørsmålet er om tiltaket kvalifiserer til å kunne få utsett frist for ferdigmelding.

I instruksen for forvaltning av TIK-midlar er regelen at fristen kan utsetjast dersom tiltaket er starta opp, men på grunn av «spesielle årsaker» ikkje kan ferdigstillast i tildelingsåret. Instruksen er først og fremst bindande for Vegvesenet som trafikktryggingsutvalet sitt sekretariat. Den er også eit uttrykk for fylkeskommunen sin praksis på området. Fast praksis sikrar at like tilfelle vert handsama likt.

I Vågsøy kommune sitt tilfelle er ikkje sjølve trafikktryggingstiltaket starta opp. Ifølgje kommunen skal reguleringssplanen for tiltaket vedtakast i februar 2019. Retningslinene i instruksen om kva tiltak som kan få utbetalt tilskotet med ein utsett frist for ferdigmelding året etter tilskotsåret, er ikkje treffande for denne søknaden. I instruksen pkt. 4 er det lagt til grunn som eit krav for å kunne få tilskot at tiltaket eller prosjektet er regulert av godkjent reguleringss-plan i den grad dette er nødvendig.

Når det gjeld vilkåret i instruksen pkt. 6 bokstav f) om at den manglande ferdigmeldinga må skuldast «spesielle årsaker», har ikkje fylkesrådmannen inngåande kjennskap til kvifor prosjekterings- og seinare planprosessen for tiltaket har drege. Kommunen har opplyst at det har vore skifte av ekstern prosjekterande, og at det først var tanken at tiltaket ikkje kravde eigen reguleringssplan. Kommunen fekk også tilskot for same prosjektet i 2017, men prosjektet vart ikkje gjennomført og midlane trekte attende. Sidan tiltaket ikkje oppfyller grunnvilkåret om å vere starta opp, finn ikkje fylkesrådmannen grunn til å gå nærmare inn på ei vurdering av om desse omstenda fell innanfor det som er omtala som «spesielle årsaker» i instruksen.

Fristen for å ferdigmelde tiltaket skal etter instruksen uansett berre utvidast til midten av juni året etter tilskotsåret, det vil seie midten av juni 2019. Planprosessar kan ta tid, og det er for fylkesrådmannen uvisst om tiltaket vil kunne ferdigmeldast innan den tid. Fylkesrådmannen ser det derfor uansett som meir føremålstenleg for kommunen å söke på nytt for tilskotsåret 2019 eller 2020, slik også retningslinene legg opp til i slike tilfelle.

### **3. Konklusjon**

Når vilkåra for å handsame klaga er ikkje oppfylte, skal fylkesutvalet som klagenemnd avvise saka, jf. forvaltningslova § 34 første ledd. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd avviser klagen.